

Til Samnanger kommune
v/ Ordførar

Eikedalen, 25.11.2020

Frå Samnanger Senterparti

Interpellasjon til Kommunestyremøte i Samnanger 03.12.2020

Samnanger Sp gjekk i si tid i bresjen og fekk fleirtal for strømming av Kommunestyremøta. Seinare har kommunen og fått strømming av Formannskapsmøta.

Det er viktig og ønskeleg at kommunen let innbyggerane få innsyn i korleis politikken, i samspel med kommuneadministrasjonen, går føre seg. Det å gjera møta mest mogleg opne og lett tilgjengelege bidreg til engasjement og forhåpentlegvis og auka fokus på rekruttering til politikken.

Me har no hatt løysning med strømming via Youtube. Opptaka vert liggande der i 1 år. Me har fleire gonger på møta opplevd særskild dårleg kvalitet, der anten lyd, bilete eller begge delar fell ut, og møtetida vert forlenga. Dette er ikkje godt nok.

Mange kommunar brukar løysinga som KommuneTv tilbyr. Her kan ein og lett å finna behandlinga av enkeltsaker, om ein ikkje ønskjer å sjå eit heilt møte.

Innspelet til denne interpellasjonen kjem frå ein av våre ungdomsmedlemmar, Magnus Erdal, som og er inne å ser litt på korleis strømming gjerer i andre kommunar. Dei som har KommuneTv har vesentleg betre kvalitet på lyd og bilete, samt fordelen med at ein enkelt kan hoppa mellom saker, utan å må sitte å "spole" slik ein må gjere med dagens løysning hos oss. Dei har og offentlege opptak av møtar, som no under pandemien, har vore digitale.

Me meiner ei oppgradering må til for å kunna auka innbyggarengasjementet meir, og det bør vera ein lett sak å innhenta pris på teneste frå KommuneTv, kommunen lyt gjerne ta kontakt med andre kommunar som brukar dette for å høyre om dei er nøgde.

Forslag frå Samnanger Senterparti:

- **Samnanger kommune ved administrasjonen får i oppdrag å finna ut om KommuneTv kan vera ei betre løysning med tanke på strømming av offentlege møter.**
- **Kostnadar må komma fram, og Kommunestyret må ta endeleg vurdering på evt. bytte av leverandør.**
- **Saka skal til handsaming på 1. Kommunestyremøte i 2021**

Samnanger Senterparti
v/ Monica Tjønnå